

# VEDTEKTER

## **§ 1 NAVN**

Namnet på selskapet er: ASVO Måløy AS

## **§ 2 FORRETNINGSKommUNE**

Selskapet sitt forretningskontor er i Kinn kommune.

## **§ 3 FØREMÅL**

Selskapet sitt formål er å avklare, utvikle og vedlikehalde arbeidsevne hos enkeltmenneske. Vidare skal det skapas grunnlag for sysselsetting av yrkeshemma i arbeidslivet. Dette kan skje gjennom produksjonsretta verksemd og arbeid med service, omsorg og handel i lokalsamfunnet. Det skal leggas vekt på mogelegheit for overgang til ordinært arbeid. ASVO Måløy skal vere ein arbeidsplass med mangfald som bidreg til auka livskvalitet for den enkelte. ASVO Måløy skal være tilpassingsdyktige overfor samfunnet og samarbeidspartnarane sine behov. Personer som er i våre tiltak skal ikkje bli fysisk, psykisk eller økonomisk utnytta. Selskapets overskot skal bli verande i verksemda, og disponerast til formål som styrkjer den framtidige drift.

## **§ 4 AKSJEKAPITAL**

Selskapet sin aksjekapital er på kr.100.000,- fordelt på 2- aksjar a kr.50.000,- fullt innbetalt. Kinn kommune er eineaksjonær.

## **§ 5 STYRET**

Selskapet sitt styre skal vere samansett av 5 medlemmer og 3 varamedlemmar. 1 av styremedlemmane og 1 varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette. Dei andre vert vald av generalforsamlinga for 2 år om gongen. Styreleiar og nestleiar vert vald særskilt av generalforsamlinga.

## **§ 6 GENERALFORSAMLING**

Kinn formannskap er selskapet si generalforsamling. Ordinær generalforsamlinga skal haldast innan utgangen av juni månad og vert kalla inn med 2 vekers varsel. På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast:

1. Godkjenning av årsmelding
2. Fastsette resultatrekneskap og balanse. Bruk av årsoverskot eller dekking av underskot.
3. Val av styre
4. Val av valnemnd på 3 medlemmar
5. Val av revisor og fastsetjing av honorar til revisor
6. Andre saker med heimel i lov som høyrer under generalforsamlinga.

Adresse: Ytre Kulen 1, 6718 Deknepollen

Tlf.: 57 85 26 60

Org. nr 959 744 459 [www.asvomaloy.no](http://www.asvomaloy.no) E-post: [betty@asvomaloy.no](mailto:betty@asvomaloy.no)

2021

*Li Bayn. Lj* 

**§ 7 EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING**

Det skal holdast ekstraordinær generalforsamling når styret, revisor eller aksjeeigar finn det naudsynt. Innkalling skjer på same måte som ved ordinær generalforsamling. Berre den / dei sakene som er slått fast i innkallinga vert handsama.

**§ 8 STYREMØTE OG DRIFT**

Styreleiar skal leie styreverksemda i samsvar med vedtak i generalforsamlinga, og sjå til at drift og rekneskapsføring er i samsvar med lov og forskrift. Han / ho kallar inn til styremøte når det er naudsynt eller når minst 2 av styret sine medlemmar krev møte. Styret er vedtaksføre når minst halvparten av medlemmane er til stades.

**§ 9 SIGNATUR**

Leiar eller 2 styremedlemmar i fellesskap har selskapet sin signatur. Styret gjev dagleg leiar prokura.


**§ 10 AVVIKLING**

Dersom det blir vedtak om å oppløyse selskapet, skal generalforsamlinga velje eit avviklingsstyre. Dette avviklar verksemda, krev inn uteståande fordringar og betalar gjeld. Resterande formue skal nyttast til det beste for funksjonshemma.

**§ 11 TILHØVE TIL AKSJELOVEN**

Der anna ikkje er bestemt, gjeld aksjelova slik den til ei kvar tid lyder.

Dato: 20.04.2021



Ingolf Bergh  
Styreleiar



Laila Johansen  
Tilsettrepresentant



Betty Hessevik  
Dagleg leiar

Adresse: Ytre Kulen 1, 6718 Deknepollen  
Tlf.: 57 85 26 60

Org. nr 959 744 459 [www.asvomaloy.no](http://www.asvomaloy.no) E-post: [betty@asvomaloy.no](mailto:betty@asvomaloy.no)